

**NOTAT****Vedlegg nr. 4a**

Til: Styringsgruppa
 Fra: Vestland fylkeskommune
 Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
 [Fyll inn] / [Fyll inn]
 Vår dato: 03.11.2024

Manglende finansiering i framlegg til statsbudsjett 2025

I sak 65/24 «Forslag til statsbudsjett 2025 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøløftet» vert styringsgruppa orientert om manglende statleg finansiering av fleire tiltak:

POST 30 midlar kommunal- og fylkesveg (overført til post 66)

Tabellen nedanfor samanliknar regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2025 med handlingsprogram 2025-2028, år 2025.

Tall i millioner 2025-kr				
Kommune	Prosjekt	HP 2025	Forslag statsbudsjett 2025	Avvik
Alver	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkjørslesanering	6	-	6
Alver	Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	1,7	-	1,7
Alver	Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	31	19,4	11,6
Alver	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	3	-	3
Alver	Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	3,1	3,1	-
Askøy	Kleppevegen ved Myrane	69,7	69,7	-
Bergen	Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien	12	-	12
Bjørnafjorden	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	9,9	9,9	-
Bjørnafjorden	Fv5150 Trollidalen–Lepsøyvegen - trygg GS-løsnings	7,5	-	7,5
Bjørnafjorden	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	57,5	57,6	-0,1
Bjørnafjorden	Sykkelparkering	3	-	3
Øygarden	Skogsskiftet sentrumsområde	4	-	4
SUM		208,4	159,7	48,7

Det er løyva midlar til to nye prosjekt på Post 30 fylkes- og kommunalveg, og det er Åsen-Helleskaret gang- og sykkelveg og Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveg. Dei prosjekta som allereie er sett i gang har også fått midlar i tråd med innspele frå handlingsprogrammet.

Status for tiltaka som realiserast i fylkeskommunal regi

I det vidare omtalast oppdatert skissert framdrift -avhengig av tilsegn om midler til oppstart og fullfinansiering.

Fv. 5452 Leknesvegen, fortau og avkøryslesanering (Alver)

Tiltaket er planavklart, grunnerverv avklart, detaljprosjektering pågår, utlysing og oppstart i 2025. Framdrifta har vore tilpassa/avpassa då tiltaket ikkje fekk statlege midler over statsbudsjettet for 2024.

Fv. 565 Manger kirke-Hesthaugen (Alver)

Detaljprosjektering ferdig, grunnerverv pågår. Estimert utlysing og oppstart i 2025. Framdrifta har vore tilpassa/avpassa då tiltaket ikkje fekk statlege midler over statsbudsjettet for 2024.

Fv. 5458 Ostereidet/Lindsalen (Alver)

Tiltaket er planavklart, detaljprosjektering pågår, utlysing sommar 2025, oppstart bygging seint hausten 2025. Noko uvisse kring grunnerverv. Framdrifta har vore tilpassa/avpassa då tiltaket ikkje fekk statlege midler over statsbudsjettet for 2024.

Fv560 Skogsskiftet (Øygarden)

Tiltaket er planavklart. Oppstart prosjektering årsskiftet 2023/24, grunnboringar i 2024, venta utlysing våren 2025, oppstart årsskiftet 2025/2026, ferdigstilling og sluttoppgjer i 2028. Grunnerverv: Avklarast utan ekspropriasjon, står att eit erverv – manglar avtale, men positiv tilbakemelding frå grunneigar. Avskoging er starta for å gi tilkomst til grunnboringar.

Vurderingar og verknader av manglande oppstartsløyving/ tilsegn om fullfinansiering:

Manglande statleg oppfølging av handlingsprogram har vore ei gjentakande utfordring ved framlegg til fleire statsbudsjett. Dette har negativ effekt på realisme i å få realisert tiltak i handlingsprogramma spesielt i omegnskommunane. I kommunane rundt Bergen er det viktig at deltaking i byvekstsamarbeidet fører til realiserte tiltak. Ved tidlegare anledningar har det av både lokale og statlege partar vore peikt på at mange av investeringstiltaka i kommunane rundt Bergen kjem seint i avtaleperioden, og at det er viktig at staten står ved forpliktingane. I samband med framlegg til statsbudsjett for 2023 orienterte samferdselsdepartementet i møte i politisk styringsgruppe at: «Det er vurdert som viktig å følge opp avtalene». Tilbake i 2021 presiserte styringsgruppa i sak 54/20 Statsbudsjettet 2021 at: «Avtalte beløp til de lokale partene står ved lag».

Tiltaka er allereie porteføljestyrt gjennom ein omfattande prosess før dei vert prioritert inn i handlingsprogram.

Fylkeskommunen er tydeleg på at intensjonen er å halde framdrift og posisjonere tiltak som får finansiering over post 30 (66) etter når tid dei ligg inne med statlege midler i handlingsprogramma. Desse tiltaka har vore prioritert med fylkeskommunale ressursar og midlar til prosjektering og forberedande arbeider. Det er krevjande og uføreseieleg å halde press på framdrift og så avpasse denne for andre gong på dei same tiltaka.

Det er nokre moment som er viktige i lys av ei praksis med gjentakande manglande oppstartsløyving:

- Blir vanskeleg for kommunane å bruke midlar avsett i avtalen om partane ikkje støtter opp om dei prioriterte tiltaka.
- Uvisse om statleg finansiering gjer at tiltak ikkje vert lyst ut i påvente av finansiering. potensiale til minst eit års forseinking. Fylkeskommunen vil ikkje lyse ut tiltak der det er uavklart finansiering. Framdrift må potensielt tilpassast til budsjettet for 2026 ligg føre.
- Ressursbruk på forberedande arbeider vert potensielt skalert ned i favør andre tiltak med press på realisering i fylkeskommunen -utanfor Miljøløftet
- Manglande statleg finansiering vil verke på lokal tilslutning / legitimitet for byvekstavtale-ordninga. Kjem mot slutten av gjeldande byvekstavtale utan at fleire av dei prioriterte tiltaka vert realisert i omegnkskommunane.
- Potensielt negativ effekt på nye gode initiativ -forventningsavstemming
- Staten har ved fleire høve peikt på realisme i budsjettering (periodisering i handlingsprogramma) Eit uføreseieleg tidspunkt for statleg løyving gjer det meir krevjande å estimere framdrift og periodisering av budsjett for tiltaka. Dei tiltaka som var «fyrst ut» med statlege midlar nærmar seg ferdigstilling. Desse var i sin tid spelt inn med for låg grad av byggherreavklaring, med for stort pådrag av finansiering for tidleg. Løyvingsnivået er i stor grad justert for i handlingsprogram 2025-2028.

Ved nokre tidlegare anledningar har partane kome fram til mellombelse løysingar når det har mangla finansiering i framleg til statsbudsjett.

- Omdisponering fram mot endeleg statsbudsjett
 - Er nokre av tildelingane på tiltak som har fått løyving for optimistiske, eller det ikkje er behov for midlane som skissert?
 - I samband med siste økonomirapportering (KV okt) vert det rapportert frå prosjektet om ei varig innsparing på Fv. 5308 Sagstadvegen. Dette tiltaket ligger inne i framlegget med ei sluttøyving på 3,1 mill kr. Det vil ikkje vere naudsynt å løyve friske statlege midler i 2025. Eit forslag vil vere at desse midlane vert omdisponert og fordelt i statsbudsjettet for 2025 til Fv. 560 Skogsskiftet, slik at og Øygarden kan kome i gong med eit av dei større prioriterte tiltaka i sin kommune. Et alternativ er også å ikke tildele alle midlane til Fv 560 Skogsskiftet, slik at det i tillegg kan settast av ein mindre sum til eit eller fleire av tiltaka i Alver for å ta i vare ei opning til å sette i gong prosessar med utlysing og tilpasse for eit større pådrag i 2026. På denne måten kan det sikrast framdrift i prioriterte prosjekt i gjeldande

handlingsprogram. (til orientering: Tall og prognosar i tertialrapport som vert lagt fram for styringsgruppa i november er per august 2024).

- Revidert statsbudsjett
- Løfte sak i styringsgruppa for aksept for utlysing og garanti for fullfinansiering gjennom lokale vedtak der partane garanterer for fullfinansiering av prosjektet, i påvente av eventuelt vedtak i revidert statsbudsjett våren 2025 og/eller eventuelt seinare tildelingar over statsbudsjetta. Garantien løysast berre ut og i det omfang som er naudsynt for å få realisert tiltaka. Tilsvarande vart gjort i 2021.

Manglande finansiering av tiltak ved nokre tidlegare framlegg til statsbudsjett:

2024:

Styringsgruppa, sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024

«POST 30 midlar kommunal og fylkesveg (overført til post 66): For mindre investeringstiltak på kommunal og fylkeskommunal vei prioriteres det statlige tilskuddet til å videreføre pågående prosjekter».

Det vart i framlegget ikkje gitt løyving til nokre nye prosjekt. Dette gjaldt mellom anna Fv. 5452 Leknesvegen, Fv.565 Manger kirke hesthaugen og Osteridet, Lindsdelen i Alver og Åsen Helleskaret i Bjørnafjorden. På grunn av manglande finansiering vart dei tre førstnemnde tiltaka i Alver bremsa opp og tilpassa mogleg finansiering over statsbudsjettet for 2025. Nå ligger det ikkje midler til desse tiltaka i framlegget til statsbudsjett.

2023:

Styringsgruppa, sak 63/22 Regjeringens forslag til statsbudsjett 2023

«Det er ikke gitt penger til første års løyving i seks prosjekter; to i hver av kommunene Bergen, Alver og Bjørnafjorden.

Vedtak: Styringsgruppen tar saken til orientering. Sekretariatet tar kontakt med partene for å få belyst de eventuelle konsekvensene manglende bevilgninger har for enkeltprosjektene i porteføljen. Deretter legges det frem en sak for styringsgruppen hvor konsekvenser blyses, samt om det finnes ulike muligheter for å håndtere avvikene».

Møte i politisk styringsgruppe 31. oktober 2022 referat frå samferdselsdepartementet:

«Innledning ved departementet: ... Statssekretæren orienterte kort om forslaget til statsbudsjett for 2023. Regjeringen demper offentlig pengebruk, og store prosjekter blir skjøvet på. De fire største byene som har byvektstavtale, er skjermet. Det er vurdert som viktig å følge opp avtalene».

2021:

Styringsgruppa, sak 54/20 Statsbudsjettet 2021 – utdrag frå godkjent referat møte 7 2020:

«I budsjettforslaget er det ikke satt av penger til tiltak langs kommunal- og fylkesvei i noen av byområdene. Tre av de fire nye kommunene i samarbeidet spilte inn prosjekter til byggestart i 2021 ved rulleringen av Miljøløftets handlingsprogram 2021-2024. Innspillet inneholdt også to prosjekter langs fylkesvei i Bergen kommune.

Vedtak: Lokale parter gjør en henvendelse til politisk ledelse og ber om at det på nytt vurderes å tildele midler til prosjekter på communal- og fylkesvei over statsbudsjettet for 2021. Sekretariatet lager utkast til brev på vegne av de lokale partene. Fylkesordfører sender brevet på vegne av de lokale partene til samferdselsministeren. Statens vegvesen starter arbeidet mot kommende budsjettprosesser for å få inkludert innspillene om Miljøløftet-prosjekter på communal- og fylkesveg i disse. Avtalte beløp til de lokale partene står ved lag».

For 2021 omdisponerte styringsgruppen midler i Sak 4/21 Årsbudsjett 2021 -utdrag fra godkjent referat styringsgruppa møte 1/2021:

«Saken er en oppfølging av sak 79/20 Årsbudsjett 2021 i styringsgruppen 18. desember. Controller Eva Mari Pettersen fra sekretariatet presenterte arbeidet med årsbudsjett 2021, med fokus på prosjektene på communal og fylkesveg som ikke fikk midler i statsbudsjett 2021 i tråd med handlingsprogram 2021-2024. Se vedlagt presentasjon. Vedtak: Styringsgruppen i Miljøløftet foretar en midlertidig omdisponering av tilgjengelige midler på post 66 i Miljøløftet, slik at planlagt fremdrift kan opprettholdes for prosjektene Kvamsbrekko, Gangveg fra helsehuset til Såtabu og Kulvert og busstopp – Idrettsvegen. Så snart midler er bevilget som forutsatt i Miljøløftets handlingsprogram 2021-2024, vil disse midlene bli disponert tilbake. Omdisponeringen vil ikke medføre endringer i den avtalte porteføljen. Styringsgruppen ber Statens vegvesen ta de omtalte tre prosjektene, samt prosjektet Infrastruktur Paradis, videre i prosessen med Revidert nasjonalbudsjett 2021».